



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

26.02.2021

Vår ref:

2021/2342

Dykkar dato:

05.02.2021

Dykkar ref:

202010491

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO  
Att. Rune Moe

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

## Fråsegn til søknad om mellombels avvik frå manøvreringsreglementet for Eiriksdal og Makkoren kraftverk i Høyanger kommune

---

**Statsforvaltaren vurderer at avviket frå minstevassføringskravet for Daleelva i Høyanger kan redusere overlevinga for lakse- og sjøauresmolt. Vassføringa i elva bør difor oppretthaldast så langt som råd i denne perioden.**

---

Vi viser til oversendinga 5. februar i år som gjeld høyring av søknad om mellombels avvik frå reguleringsreglementa for Eiriksdal kraftverk og Makkoren kraftverk.

Avvika gjeld:

- Tapping av Høgsvatnet ned til kote 685 (to meter under LRV i perioden 15. april – 30. juni 2021; gjeld delar av magasinet og i to periodar på respektive fire og to veker.
- Minstevassføring frå Makkoren kraftverk skal sleppast gjennom tappeluka frå Nordalsvatnet i ein periode på to veker sommar/haust 2021; dette vil gi 100 meter kortare sleppstrekning.
- Redusert minstevassføringskrav i Daleelva frå 6 m<sup>3</sup>/s til 3 m<sup>3</sup>/s i mai 2021.

Føremålet er å kunne gjennomføre nødvendig vedlikehald/rehabilitering. Tiltakshavar vurderer sjølv at tiltaket ikkje vil få nemneverdige konsekvensar for miljøet/fisken.

### Vår vurdering

Rehabilitering av vasskraftanlegg har stor samfunnsverdi. Det må aksepterast noko mellombels ulempe for allmenne interesser, men avvik frå vilkår og føresetnadar i konsesjonen bør minimerast så langt som råd.

### *Daleelva, anadrom fisk*

Avviksperioden for Daleelva vil overlappe med heile den viktigaste utvandningsperioden for lakse- og sjøauresmolt. For vassdrag i vår del av landet vil smoltutvandringa bli initiert av aukande vassføring om våren, og vi reknar med at hovudtyngda av smolten vandrar ut i mai. God vassføring er viktig for overlevinga ved overgangen frå elv til fjord, ved å redusere faren for å bli eten av fugl og fisk. Vassføringsbehovet for smolten blei vektlagt ved fastsetjing av manøvreringsreglementet for

---

E-postadresse:  
[sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)  
Sikker melding:  
[www.statsforvalteren.no/melding](http://www.statsforvalteren.no/melding)

Postadresse:  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Besøksadresse:  
Njøsavegen 2, Leikanger  
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen  
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00  
[www.statsforvalteren.no/vl](http://www.statsforvalteren.no/vl)  
Org.nr. 974 760 665



Eiriksdal kraftverk, og Statkraft er òg oppfordra til å «*øke vannføringen gjennom Eiriksdal kraftverk tidligere enn 1. mai i de år hvor tilsiget gjør dette mulig.*»

Ut frå dette er vår vurdering at det kan vere uheldig for bestandane av laks og sjøaure i Daleelva om vassføringa i elva blir halvert under smoltutvandringa. Vassføringa bør oppretthaldast så langt som råd, og helst bør det vurderast om ev. avvik kan skje etter hovudutvandringa av smolten. Vi konstaterer at Statkraft vil gjere sitt yteste for å unngå å avvike frå minstevassføringskravet.

#### *Anna*

Vi reknar ikkje med at fisk og anna naturmiljø knytt til Høgsvatnet vil bli nemneverdig påverka av at vasstanden går noko under LRV i to kortare periodar på forsommaren. For brukarar av vatnet kan det tenkast å vere til noko ulempe. Det er viktig at desse blir informert om avvika.

Avviket som gjeld minstevassføringssleppet frå Makkoren vil mellombels påverke 100 meter elvestrekning. Det ser ikkje ut til at avviket vil påverke rekrutteringsområda for aure nemneverdig.

Med helsing

Gry Walle  
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

|                           |              |      |          |
|---------------------------|--------------|------|----------|
| Høyanger kommune          | Postboks 159 | 6991 | HØYANGER |
| HØYANGER JAKT OG FISKELAG | Postboks 225 | 6991 | HØYANGER |